



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Masfjorden - 17/16 - oppføring av garasje - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen dater 10.06.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot sjø for oppføring av garasje.

Garasjen skal førast opp i formålet LNF-spreidd i komuneplanen, i strid med byggegrensa mot sjø.

Statsforvaltaren si vurdering av dispensasjon

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Garasjen skal plasserast i kort avstand frå sjøen, på eit planert område. Sentrale omsyn bak byggeforbodet i strandsona er mellom anna oppleving av landskap, tilgjenge for allmenta og at strandsona skal haldast ubyggd. Sjølv om arealet allereie er planert vil eit bygg her vere langt meir synleg. Dette vil påverke opplevinga av landskapet i strandsona. Teikningane av den omsøkte garasjen viser eit bygg med fleire store vindauge. Dette gjer at bygget kan oppfattast som eit bygg for varig opphald, dette gjeld særleg sett frå sjø, der ein ikkje vil sjå garasjedøra. Ein garasje utan vindauge vil også privatisere arealet meir enn i dag, men i mindre grad enn det omsøkte tiltaket.

Kommunen har i kommuneplanen konkret vurdert strandsona ved fastsetting av byggegrensa. Vi viser til at arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Utifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Statsforvaltaren meiner at plasseringa og utforminga av garasjen er uheldig for interesser i strandsona. Etter det vi kan sjå vil det også vere mogleg å plassere ein garasje nærmare eksisterande bustad, på ein slik måte at den ikkje vil vere i strid med byggegrensa i kommuneplanen.



Statsforvaltaren rår difor frå garasje som omsøkt. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN